



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Juni 2017

60. årgang



Etter fem år er steinkrossen endeleg på plass att ved Gulen kyrkje, rett nok med litt støtte. Men han er svært velkommen uansett!

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@enivest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.
eglenjen@online.no

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@enivest.net,

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@enivest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no


FACEBOOK: Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen

**Ønskjer lesarane ein god sommar!
Neste nr. kjem i september. Frist
for innevering: 20. august.**

I vår travle tid er det særleg viktig med ein «time-out» der ein kan få lada opp att batteria, slik at ein står betre rusta til dei mange utfordringane i kvardagen. Løysinga treng ikkje vere nokon lang ferietur, sjølv om mange føler at også det gjer godt. Det kan like gjerne vere småturar til fots i naturen, der ein verkeleg gir seg tid til å sjå på og lytte til det naturen har å by på, som fuglesong, fossedur eller vindsus frå trekronene.

Mange kjenner vel sitatet nedanfor:



Men vi vestlendingar er eit folkeferd som har vore ute ein stormdag før, og som ikkje let vêret vere den store hindringa. Sommar er det uansett – lange dagar og lyse netter, og mykje å glede seg over!

Andakten denne gongen er ein teikneserie frå heftet «Skattar frå Bibelen». Alle teikneseriane der er henta frå barnebladet «Barnas», som er godt kjent for dei som går på søndagsskule.

JESUS OG LÆRESVEINANE GJEKK OPP I FJELLET. EI FOLKEMENGD FØLGDE ETTER. JESUS SETTE SEG OG LÆRDE DEI OM GUDS RIKE.



Bergpreika

VELSIGNA ER DEI FATTIGE, FOR HIMMELRIKET ER DEIRA. VER GLADE, DE SOM SØRGJER, FOR DE SKAL TRØYSTAST.

LUKKELEGE ER DEI SOM VISER GODLEIK, FOR DEI SKAL SJØLV FÅ OPPLIVE GODLEIK.



VELSIGNA ER DEI SOM SKAPAR FRED, FOR DEI SKAL KALLAST GUDS BORN.



DE ER SALTET I VERDA!



MEDAN JESUS TALA, KOM DET STADIG FLEIRE FOR Å HØYRE PÅ.

SALT BLEI MELLOM ANNA BRUKT FOR Å HALDE UGRAS BORTE.



DE ER LYSET I VERDA! LAT DET GODE DE GJER LYSE FOR MENNESKA. DÅ VIL DEI TAKKE FAR DYKKAR I HIMMELEN.





VER IKKJE UROLEGE FOR
KVA DE SKAL ETE, ELLER KVA DE
SKAL KLE DYKK MED.



SJÅ PÅ FUGLANE UNDER
HIMMELEN! DEI ARBEIDER IKKJE PÅ
ÅKEREN OG SAMLAR IKKJE I HUS.
MEN FAR DYKKAR I HIMMELEN
GIR DEI MAT LIKEVEL.



OG KVIFOR ER DE
UROLEGE FOR KLEDA? SJÅ PÅ
LILJENE PÅ MARKA. NÅR GUD KLER
DEI SÅ FINT, SKAL HAN IKKJE
DÅ KLE DYKK?



VER IKKJE UROLEGE FOR
MORGONDAGEN. SØK FØRST GUDS
RIKE OG HANS RETTFERD, SÅ SKAL
DE FÅ ALT DET ANDRE
I TILLEGG.



JESUS LÆRTE FOLKET AT DET ALLER VIKTIGASTE I LIVET ER Å TA VARE
PÅ TRUA PÅ GUD, HÅPET OM EVIG LIV OG KJÆRLEIKEN TIL KVARANDRE.

ALT DE VIL AT ANDRE
SKAL GJERE MOT DYKK, SKAL DE ÒG
GJERE MOT DEI.

Konfirmantane på besøk på eldresenteret på Dalsøyra



Tre konfirmantar og ein neste-års-konfirmant var på eldresenteret 4. april.

Dei steikte vaflar, underheldt med opplesing og musikk, og laga og serverte kaffi.

Det vart kjempegod stemning med mykje latter.

Det verka som at dei kosa seg, både gamle og unge!

Iddi Glenjen

Konfirmantar i Gulen sokn 30. april



Konfirmantar i Mjømna sokn 14. mai



Namn på konfirmantane i Gulen sokn (foto førre side):

Framme frå venstre: Mathilde Daae Angeltveit (konfirmert i Frøyset kyrkje), Marte Neverdal, Zamzam Ysuf Mahamud Salah, Susanne Kjelby Asheim, Silje Rasch, Ida Helen Bjelde og Maria Håvåg.

Bak frå venstre: Fredrik Nyhammer, Jørgen Leknes, Hans-Harald Wergeland Hellandsjø, sokneprest Jens Linde, David Lairton Alves Nery Passos, Sindre Birknes Indrebø og Svein Jakob Kvamme.

Namn på konfirmantane i Mjømna sokn (foto førre side):

Framme frå venstre: Elisa Hjartholm, Oline Asheim Haveland og Natalie Uthaug. I midten frå venstre: Didrik Mjanger, Konrad Larsen og Dina Louise Natås Unneland. Bak frå venstre: Tobias Høie og William Emil Ytreøy.

Konfirmantar i Brekke sokn 21. mai



Frå venstre: Julian Hjartholm Bosdal, Stina Karin Ottesen, Sander Svartemyr Virkesdal, Bjørnar Oppedal, Mathilde Oppedal Sundbotten, Maria Langvatn Kallestad, Truls Ellingsen Haugland, Silje Hop Sundal, Sturle Haugsvær og Sindre Østerbø Haugsdal.



Teo Arefjord, 9 år

Ei fin blomsterhelsing til lesarane våre

- Ein av livets rikdommar er grandtantebarn, skriv Linda Hantveit i eit brev til redaksjonen. Ho fortset:
- Sist eg fekk besøk av ein av dei, så kikka me i kyrkjelydsbladet, og det var spennande. Her var det bilde av kyrkja som både besteforeldre, oldeforeldre og bestemor hadde blitt døypt i, gifta seg i, og ein plass der me hadde vore samla i sorg når nokon av dei var gått bort.

Han ville så gjerne teikne litt til dette bladet. Og det har han gjort! Den flinke teiknaren heiter Teo Arefjord og er 9 år. Som vi ser, så har han teikna både solsikke, rose, blåklokke og ein blomsterbukett.

TUSEN TAKK, TEO!

Og takk til Linda Hantveit som sende helsinga til oss.

Ferieavvikling på kyrkjekontoret:

Jens Linde har ferie frå 19. juni til 10. juli, og frå 7. til 21.august.

Peter T. Jobbagy har ferie frå 24. juli til 24.august

Margrethe Skåden har ferie frå 10. til 24. juli, og frå 30. juli til 7.august.

Trude Brosvik har ferie frå 7. til 14. juli, og frå 24. juli til 4.august.



Kulturkveld/sommarkonsert i Gulen kyrkje Ein kveld med Sjømannskyrkja

Søndag 23. juli kl. 19.30 vert det kulturkveld i Gulen kyrkje.

Vi får besøk av Sara og Arnljot Starnes frå Eidsbotn, som no bur i Spania. Der er dei aktive som frivillige i Sjømannskyrkja, og dei vil fortelje om Sjømannskyrkja sitt arbeid i Spania. Vi skal også synge saman, og Peter organist vil spele nokre orgelstykke. Og så vert det sjølvsaft servert vaflar til kyrkjekaffien, etter oppskrift frå Sjømannskyrkja. Gratis inngang. Kollekt til Sjømannskyrkja.

Gravplassen på Mjømna

No i juni er det nye feltet på Mjømna kyrkjegard klart for bruk.

Plenen har endå ikkje sett seg, men steinane er komne på plass att.



I tillegg til nytt felt er det også gjort eit arbeid på tilgrensande felt, der det i mange år har vore problem med overflatevatn.

Kyrkjevevja håpar løysinga som er valt, vil fungere etter planen.



Arbeidet har vore prosjektert og følgt opp av Akasia AS, og utført av av

Brekke Maskinstasjon. Vi takkar for utført arbeid!

Kyrkjevevja



Kyrkjelydstur til Hyllestad 20. august

Brekke sokneråd vurderer som kjent å skifte ut benkane i kyrkja med stolar. I Hyllestad kyrkje har dei gjort det.

Søndag 20. august vil det bli mogleg å vere med på tur til Hyllestad kyrkje for å sjå og høyre korleis det fungerer der. Vi reiser med ferja frå Oppedal kl. 09.30. Vi vurderer å bruke buss. Meld frå til Cathrine W. Tveit innan 17. august om du blir med.

Gudstenesta i Hyllestad begynner kl. 11.00. Etter gudstenesta vil soknerådsleiar og dugnadsansvarleg for prosjektet, Jostein Ryland, fortelje frå deira arbeid, og korleis kyrkja no blir brukt. Felles kyrkjekaffi.

NB! Alle er velkomne! Også folk som ikkje høyrer til i Brekke sokn.

Frivillig klokkarteneste i Brekke

Kan du vere med å lese søndagens tekstar i kyrkja? I Brekke vert dette

arbeidet gjort av frivillige. Dei er no fire personar, men treng eit par nye medarbeidarar, slik at det blir fleire å dele på.

Då treng ein ikkje jobbe meir enn ca. tre-fire gudstenester i året. Løna for arbeidet går til Brekke sokneråd.

Ved å delta på denne dugnaden, så støttar du også soknet si evne til å drive aktivt barnarbeid eller gjere tiltrengde investeringar i utstyr.

Arbeidet består stort sett av å lese tekstar, kunngjeringar o.l.

Det er kyrkjetenaren som har klokke- ringing og anna praktisk arbeid i sam- band med gudstenesta.

Folk frå soknerådet er kyrkjevartar og ordnar med programutdeling og kyrkjekaffi.

Meld frå til kyrkjevjerja eller sokne- rådsleiari Cathrine W. Tveit viss du er interessert.

Open kyrkje i sommar

Gulen kyrkje blir, som før, open for besøkande i sommar.

Opningstida er frå kl. 10.00-18.00 alle dagar frå 1. juli til 20. august.

Opning og stenging blir gjort av frivillige.

Tilbakemeldingane frå tidlegare år tyder på at dette er noko mange set pris på, anten dei er frå bygda, har flytta frå bygda, eller berre er turistar og kjem til Eivindvik med båt eller bil. Vi har ikkje omvisarar, men dersom det er større grupper, så kan de ta kontakt med kyrkjekontoret på førehand, så får vi kanskje til noko.

Elevar med utstilling i Gulen kyrkje

2. mars var det Gospelgudsteneste i Gulen kyrkje, og presentasjon av elevarbeid frå Dalsøyra og Eivindvik skular. Elevarbeidet frå Dalsøyra kan du framleis sjå i kyrkja. Det er både teikningar, keramikk o.a.

Det er vel verd å sette av litt ekstra tid neste gong du er i kyrkja!

Her er nokre få smakebitar:





I tillegg hadde elevane på Dalsøyra skrive bibelhistoria, og framførte ho i kyrkja.

Godt gjort å klare å trekke ut det vesentlege og «servere» det til lyttarane på ti minutt!

All ære til elevane, skulen og dyktige lærarar! Tusen takk!



På Eivindvik skule har dei laga ein flott tredimensjonal kopi av Gulen kyrkje, der vi kunne sjå kyrkja både inni og utanpå. Slik har elevane lært mykje om kyrkja si.

Elevarbeida er dei same som biskopen fekk sjå delar av då han besøkte skulane i fjor haust.

Fellesgudsteneste på tusenårsstaden

Pinsedag 4. juni var det fellesgudsteneste på Tusenårsstaden Gulatinget. Før gudstenesta var det «pilegrimsquiss». Det kom folk frå alle delar av kommunen, nokre òg frå Masfjorden.

Etter gudstenesta var det premieutdeling for quissen. Under kyrjekaffien kosa folk seg med heimebaka kaffimat. Veret var bra, og knotten ikkje for plagsam.



Ein skulestil

Rett over påske kom det ein e-post frå Ivar Molde (oppvaksen på Dalsøyra, teolog, vikarprest i Gulen sommaren 1977, har vore prest i Aurland, Bergen og Voss i til saman 39 år, no pensjonist og bur på Voss. Gift med Kari og har tre vaksne barn). Han skriv m.a.:

- *Eg er komen så langt i livet no at eg driv og blar i gamle dokument! Dette fann eg. Dersom de bryr dykk om å ta inn slike nostalgiske småstykke, ja, - så ver så god!*

Slikt er kjærkome stoff for ein blad-redaksjon! Vi oppmodar andre som kjem over nostalgiske godbitar, til å sende dei til oss.

Og slik er Ivar Molde sin skulestil:

Fortel om ein høgtidsdag eller ein festdag i heimbygda di

Ja, no skal eg fortelja om ein høgtidsdag som ikkje var i heimbygda mi, men i ei grannebygd. Men det var ein stor dag for heile kommunen.

Ein fin sommardag i fjor høgtida Gulen kyrkje hundreårsjubileum. Frå alle kantar kom det båtar den dagen. Folk skulle til kyrkje. Det kom gamle og unge. Det kom folk som sjeldan eller aldri var til kyrkje elles. Men denne dagen kom dei.

Det var svært fint ver på jubileumsdagen. Og høgtid var det over det heile. I kyrkja var det fullt til siste plass, og mange måtte stå.

Konfirmantane stod i to rader utafor kyrkjedøra. Mellom dei radene gjekk alle prestane som var på veg til kyrkja. Dei bar med seg altarsølv. Etter alle prestane kom biskop Per Juvkam.

Då prestane hadde sett seg og folket hadde kome på plass, kunne høgmessa ta til. Dei fleste prestane hadde ordet, anten under høgmessa eller under ettermiddagsmøtet. Biskopen heldt preika om føremiddagen.

Etter høgmessa var det råd å få seg mat i skulehuset.

Vêret heldt seg like fint heile dagen. Ein kunne sjå flagg på mest alle flaggstenger.

Etter maten var det eit festleg samver i kyrkja. Her tala m.a. Øystein Hovden, som har vore prest i Gulen. Han tala mykje om Gulatingsstaden. Mellom dei som var innbedne til høgtida, var prost Døskeland, to tidlegare prestar i Gulen og nokre prestar i Ytre Sogn.

Kyrkja fekk mange gåver i høve jubileet. Mellom anna mykje altarsølv, og to fine glasmålarstykke. Det var minst tusen menneske til stades ved jubileumshøgtida.

Og så mykje folk har det vel kanskje aldri vore i Gulen kyrkje før.

Utpå ettermiddagen reiste me heim att etter ein stor høgtidsdag.

Ivar Molde (Skribenten var elles konfirmant i jubileumsåret 1963. Stilen er skriven året etter.)

Familiegudsteneste i Byrknes bedehusapell



Palmesøndag var det familiegudsteneste i Byrknes kapell, med påfølgjande kyrkjekaffi og litt aktivitetar for barn.



Det var gedigne kakefat ved kyrkje-kaffien, mykje heimebakst frå både Anne Ytreøy, Inger Alice Einebærholm, Sølvi-Ann Oddekalv og Bente Haugen. Sølvi-Ann Oddekalv stod for aktivitetane med barna.

Gåver til Byrknes bedehuskapell



Her er litt av Mjømna sokn si gåve til Byrknes bedehuskapell komen på plass. Håpar borda kjem til nytte, og gjer arbeidet lettare ved ulike arrangement.

Anne Kristine Evjenth Ytreøy

Sommarsalme

Så grønn en drakt, så rik en duft
har smykket dal og enger!
Nå strykes ømt av lys og luft
de fagre urtesenger.
Hør lundens sus og bekkens brus

forfynne hva som kommer:
Omsider blir det sommer!

Sin lykke, fred og sommerfryd
må yre fugler prise.

I mark og skog fra nord til syd
de jubler frem sin vise.

Hør håpets klang i deres sang,
i hymnen de lar kvede
fra blomstereng og rede.

Men du, o Gud, som gjør vår jord
så skjønn i slike stunder,
gi at jeg akter mest ditt ord
og nådens store under!

Som blomst og løv blir muld og støv
skal vi og verden fare,
men Herrens miskunn vare.

Alt kjød er gress og flyktighet
det tæres fort av elde.

Kun du, Treenig majestet,
er evig i din velde!

Med sjel og kropp skal jeg stå opp
og blomstre i ditt rike,
når denne jord må vike.

La falme verdens prakt og glans,
la all dens lyst forsvinne.

Min venn er min, og jeg er hans,
vår kjærlighet skal vinne!

Så syng det ut: Snart skaper Gud
en sommer uten make
og gir oss alt tilbake!

(Norsk Salmebok nr. 845.

*Tekst: C.D. af Wirén 1889. Omsett av
Øystein Thelle 1995.)*



Krossen er komen heim!



Krossen er no tilbake ved kyrkjeporten i Eivindvik. Nedste delen er støypd fast på ein sokkel. Øvste delen

er festa til ei «ryggstøtte», med ca. 1 cm klaring mot brotstaden (for å unngå vatn/frostskadar).

Geir Oskar Magnussen ved arkeologisk museum i Stavanger (avdelingsingeniør avd. konservering) har laga den tekniske løysinga som held krossen oppe. På fotoet ser vi han i gang med det møysommelege og nøyaktige arbeidet med å få krossen på plass.

Det er fylt på jord og jamna fint til rundt krossen, så no er han klar for dei neste tusen åra!

Det blir ei offisiell markering ved krossen 15. august, i samband med Gulatingsseminaret. Sjå oppslag.



Olavskrossen

Me helsar deg, krossen vår,
hjarteleg velkomen attende,
til rette plassen din i tusen år,
frå Olav sette deg her i lende.

I fem år har me sakna deg sårt,
det vart så tomt då du forsvann,
det kjære symbolet vårt,
prov på at segna i soga er sann.

Vemodig er det deg å sjå
med stål til støtte og ope sår,
men mange må støtte få
lenge før dei fyller tusen år.

Framleis vil du glede våre sinn
som vakkert sogeminne her
og med kroppen din
vise at på heilag grunn me er.

Me håpar di kraft, som før,
evne til å opne sansar har
hjelpe folk som undrast og spør
til å finna gode svar.

Det svevar ei usynleg pakt
mellom deg og anglisk kross,
forma under dykkar hyrdevakt
gode normer stadig hjelper oss.

Avtalar vart gjorde,
offerbål vart tende,
i saker vridne og store,
fiende vart til frende.

Vårt regelverk og styresett,
spreidde seg rundt i verda,
hjelpte samfunn til lov og rett,
gav demokratiet makt og æra.

I dag me ber om at de må,
for rike minner frå eldre tider,
som skytsenglar alltid stå
her under desse vakre lier.

Magnor Midtun

Tårnagentsamling i Mjømna kyrkje

Helga 10.-11. juni var det tårnagent-
samling i Mjømna kyrkje. Laurdag
var det eit opplegg på ca. tre timar, og

så deltok tårnagentane på gudstenesta
søndag. Målet med tårnagentsamlinga
er at barna skal bli kjende med kyrkja
og kyrkjebygget, ved å leike «spion»
og leite etter dei mange skattane som
er der. Leiarar var Inger Marie Werge-
land, Peter T. Jobbagy og Jens Linde.



Eit fingeravtrykk på eit tårnagent-
bevis, og deltakarane er klare for
skattejakta! Ved kvar post fekk barna
lære litt om dei ulike skattane.



Her er gjengen samla ved
døypefonten (over) og ved altarringen
(under).





Finst det skattar på preikestolen òg?



Salmebokskatten kan ein ikkje berre synge i, men også bygge tårn med.



I sakristiet fortel Jens prest m.a. om prestekleda som er lagra der.



Peter organist har vel best kjennskap

til dei skattane som er å finne på orgelgalleriet.



Inger Marie fortel oms lysgloben og om det store lyset i sentrum.



Det er tungt å få lyd i kyrkjeklokkene, men innsatsen er upåklageleg! Og etter laurdagens aktivitetar er tårnagentane no klare for søndagsgudstenesta.

Innhaldsrik gudsteneste i Mjømna kyrkje 11.06.

Jens prest og tårnagentane med blomster og altarpynt stilte opp i våpenhuset rett før gudstenesta starta. Under preludiet gjekk dei i prosesjon fram til altarringen, og Jens sette pynten på plass på altaret.



I tillegg til tårnagentane var dette årets og neste års konfirmantar innbedne.

Det var også ein jubilant i kyrkja 11. juni: Jens Linde, som fylte 55 år. Dette blei skikkeleg markert, med blomsteroverrekking og bursdagsssong framført av ein fulltallig kyrkjelyd.



Etter gudstenesta kom det endå eit høgdepunkt: Konserten med Team Sulebakk. Team Sulebakk er eit familiekor frå Frekhaug, som i mange år har reist rundt i heile landet og besøkt kyrkjelydar, ungdomsklubbar, konfirmantgrupper o.a.



Det var ei høgtideleg og innhaldsrik gudsteneste denne søndagen.

Det svinga godt i kyrkja under konserten! Også konfirmantane på

galleriet sette tydeleg pris på det dei fekk høyre (under).



Det bognande kakebordet til kyrkje-kaffien vitna om at også her hadde mange hender vore i sving på føre-hand.

Alle som var i Mjømna kyrkje denne søndagen, fekk med seg ei flott oppleving, både for sjel og kropp.

(Foto: Korry Gerstner, Trude Brosvik m.fl. Tekst: Red.)

På kyrkjelydstur

14. juni fekk Mjømna sokn (og andre som ville vere med) nok ein gong henge seg på turen som Solund sokneråd arrangerer for eldre i kommunen. Bjørn Magne Hansen var reiseleiar. Turen denne gongen gjekk til Flekke og Jensbua, og til

Holmedal, med bygdemuseum og knivfabrikk. Det var 42 turdeltakarar, og alle var strålande fornøgde. Dette er eit bevis på at samarbeid mellom soknegrensene er svært så vellukka.



Ved Jensbua (over) og i Holmedal kyrkje (under).



Under matøktene gjekk praten livleg!

Som takk for turen har deltakarar frå Gulen kvittert med følgjande rim:

Noen ord til soknerådet i "Sulen",
fra turdeltakerne i Gulen!

Å takke er vanlig folkeskikk,
og nå vil vi takke for at vi fikk
nok en gang dra på tur med dere,
og vi håper selvsagt det kan bli flere
fellesturer til alles glede
ja, for vi i Mjømna sokn er alltid rede,
til å delta i slike fellesprosjekt
for det synes vi er ekstra kjekt.

Turen sist år vi stadig minnes,
Utvær med fyret og alt som finnes
av vakker natur der vi sammen var,
og trukket i vikingenes fotefar.
Med andakt og matøkt på Indrevær,
besøk i Husøy kirke, og nydelig vær.
Glede og smil, ja alt føltes så riktig
det minte oss på at samarbeid er viktig.

Det er fint å treffe gamle kjente,
og i dag var vi nok ekstra spente
på hvem vi ville treffe og hva som
skulle skje,
nye folk og steder er spennende det.
Kirke, museum, hus og båter,
restaurering på alle slags gamle måter!
Opplevelser og inntrykk det har vi fått
mens vi i Flekke og Holmedal rundt
har gått.
Til sist vil vi nok en gang si takk, og
håper vi får
dra på tur med dere også til neste år.



Takk

Takk for omtanke og helsingar i
samband med gravferda til Borgny
Brosvik. Takk også til tilsette på
sjukeheimen for pleie og omsorg.
Siv, Paal-Rune og Trude med familiar

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

BREKKE SOKN:

18.06.17: Kristoffer Lund. For.:
Raymond Lund og Karina Andersen.

Vigde:

BREKKE SOKN:

03.06.17: Ann-Camilla Wergeland og
Oddgeir Willy Oppedal.

Døde:

GULEN SOKN:

11.04.17: Hildegunn Vold, f. 1956.

27.05.17: Borgny Brosvik, f. 1923.

07.06.17: Svanhild Halland, f. 1927.

14.06.17: Inga Alida Tveit, f. 1929.



KYRKJEKALENDEREN

NB! Kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå i
lokalavisene, på oppslag, på nett-sidene til
kyrkja og kommunen, og på Facebook.

25. 06., 3. søndag i treeiningstida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Audun
Systad. Offer: KFUK/KFUM

02.07., 4. søndag i treeiningstida

Brekke kyrkje kl. 19.00 v/Audun
Systad. Avskjedsgudsteneste. Prosten
deltek. Offer: Eige arbeid.

09.07.: Ikkje gudsteneste

16.07., 6. søndag i treeiningstida

Mjømna kyrkje kl. 16.30 v/Jens Linde.
Offer: Misjonærvantale.

23.07., 7. søndag i treeiningstida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Fjon fjellkyrkje.

23.07., 7. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 19.30: Kulturkveld
med sjømannskyrkja. Peter Jobbagy,
Jens Linde, Sara og Arnljot Stamnes.
Offer: Sjømannkyrkja.

Laurdag 29. juli: Olsokdag
Fjon fjellkyrkje kl. 19.00 ved Jens
Linde. Olsokgudsteneste med olsokfest.
Prostigudsteneste for Gulen og
Masfjorden.

30.07., 8. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Indremisjonsforbundet.

06.08., 9. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 16.30 v/Jens
Linde. Offer: Eige arbeid.

13.08., 10. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 16.30 v/Bjørn
Magne Hansen. Offer: Changemaker.

20.08., 11. søndag i treeiningstida:
Kyrkjelydstur til Hyllestad kyrkje.
Arr. Brekke sokneråd.

20.08., 11. søndag i treeiningstida
Stordalen kl. 15.15 v/Geir Sørøbø.
Utegudsteneste i samband med
Bjørn West-marsjen.

27.08., 12. søndag i treeiningstida
Byrknes bedehusapell kl. 11.00
v/Jens Linde. Gulenstemne.
Offer: Indremisjonsforbundet.

03.09., 13. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige
arbeid.

10.09., 14. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige
arbeid.

17.09., 15. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Konfirmantpresentasjon. 4-års- og 6-
årsbok. Offer: Eige arbeid.

24.09., 16. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne
Hansen. Offer: Misjonæravtale

01.10., 17. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
4-års- og 6-årsbok. Offer: Sprell
levande/Søndagsskulen

08.10., 18. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Tone Marit
Dyrkolbotn. Offer: Alværa.

15.10., 19. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
4-års- og 6-årsbok. Offer: Eige arbeid

22.10., 20. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Misjonæravtale.

29.10., Bots- og bønedaag
Dalsøyra samfunnshus kl. 11.00
v/Jens Linde. Offer: NLA.

05.11., Allehelgensdag
Gulen kyrkje kl. 11.00. Jens Linde
Mjømna kyrkje kl. 16.30. Jens Linde



**Pianokonsert med Marina
Kan Selvik:**

Gulen kyrkje 14. juli.
Tidspunkt: Sjø oppslag.